

LÅT O LINK

Nummer 1
Mars 2012
Årgang 22



Solabu forsamlingslokale i Ulnes. Her blir det fest kvelden 24. mars.
«Fest i Øy'n», so dei sa før i ti'n. Les meir på midtsidene.

- Valdreskappleik i Ulnes 24. mars
- Ungdomssamlinga på Brennabu
- Ny dagleg leiar i VFAS
- Kurs-, konsert-, seminarfloraen er mangfaldig
- - Bla opp i bladet og få med deg av det som rører seg i folkemusikkValdres!

LEIARTEIGEN:

Hausten og jolehelge er over, alle har mø gått rundt og sagt «Gødt Nytt År» og so håpa mø det skjer noko slik at det heile blir bra.

Den so fylgjer med på nyheitene kan ofte bli i tvil, men....i folkemusikkmiljøet her i Valdres ser eg både eitt og fleire lysglimt. Eg tenkjer på året som gjekk, på den økonomiske stoda VFAS hadde med seg frå jubileumsåret 2010, korleis tilsette og styret v/ styreleiar prøvde å halde ein hard budsjettkontroll i 2011, – dei lykkast og om ikkje overskotet er overveldande så er det heile på rett kurs.

I tillegg kunne Vfl søkja om moms kompensasjon for både seg sjølve og VFAS. Der fekk me attende litt over 100.000 kroner, mesteparten sjølvsgat til VFAS.

Valdreskappleiken 2011 i Sør Aurdal var òg eit bra arrangement. Det gav òg eit tenleg overskot til lokallaget Begnaljom.

Når dette blir lese har 24 ungdomar pluss instruktørar og andre hjelparar hatt ei helg med spel og dans på Vaset. Dette og resten av ungdomssatsinga i Vfl kan drivast slik vi gjer takka væra mange ivrige sjeler, godt samarbeid med kulturskulane og med Valdres ungdomslag. Denne ungdoms-satsinga tener alle på. «Vi bidreg med kroner», - er ungdomslaget sitt motto.

Valdres Scene ein fin institusjon med mykje og god folkemusikk, og Bente Hemsing som dagleg leiar. Nemnast det òg, sjølv om det er frittstående organ.

Ser me på lokallaga er det speleøving i Sør Aurdal og i Vang, dans i Vestre og Øystre Slidre. Nord-Aurdal og Øystre Slidre har òg i mange år hatt sine Yngretreff med deltakarar frå heile Valdres. – Og for ikkje å gløyme Valdreslaget, eit av våre mest aktive lag som me finn i Oslo.

Noko av dette kan me lesa om i aviser og kappleiksblad gjennom året. Det er med glede eg tenkjer på det, på Valdreskappleiken i Ulnes, og so alt det som vidare føregår framover året.

Vel møtt, gode vener.

- sa“n Ivar.

ER DU IKKJE MEDLEM
I SPEL- OG DANSARLAGET,
SEIER DU?

Gå på nettet www.folkemusikk.no eller kontakt
lokallagsleiaren, namn og telefonnummer på siste side.

LÅT O' LINK

Låt o' Link er eit frittstående folkemusikktidsskrift og meldingsblad for Valdres folkemusikklag. Idear, ei god historie eller anna stoff, kan du sende til Valdres folkemusikklag, Tynvegen 27, 2900 Fagernes. Merk e-postane eller konvoluttane med «Låt o' Link». Opplag: 380

OVERSKOT PÅ JØRN HILME-STEMNET OG STRUNKEVEKO 2011

Det ligg an til eit overskot på til saman kring to hundre tusen etter årets Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet. Noko som er ei svært gledeleg nyheit etter underskotet i 2010. Oveskotet kjem som eit resultat av ei rekkje sparetiltak, og stram økonomistyring. Eigenkapitalen er no tilbake på eit forsvarleg nivå, melder dagleg leiar Stian Roland. Planlegginga av Jørn Hilme-stemnet og Strukeveko for 2012 er no i gang for fullt, og då er det godt å veta at arrangementa har ein trygg økonomi. Om ikkje lenge blir dei fyrste programpunkta for årets Jørn Hilme-stemne slept!

ANNE-MARTE FØR BLIR NY DAGLEG LEIAR I VALDRES FOLKEMUSIKKARRANGEMENT AS

Anne-Marte Før tek over som dagleg leiar i Valdres Folkemusikkarrangement frå 19. mars. Ho vil dermed få hovudansvaret for planlegging og gjennomføring av folkemusikkarrangementa Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko.

-Eg ser fram mot å jobbe med to så veletablerte arrangement. Det å få vera med å forme noko som er bygd opp med så mykje entusiasme gjennom årrekkjer er både moro og litt skummelt på same tid, mange har hjarte for arrangementa, uttaler Anne-Marte Før, som understrekar at ho i fyrste omgang gledar seg til å koma i gang og bli betre kjent med arbeidet som ligg føre henne.

Anne-Marte kjem frå jobben som dagleg leiar for Isfolket AS. Ho er difor godt kjent med

kulturarrangement generelt og festivalmiljøet i Valdres spesielt. I haust og vinter har ho i tillegg vore med i programnemda for Jørn Hilme-stemnet og kjenner difor også arrangementet frå innsida. Ho har dessutan ein bachelorgrad i kulturprosjektleiing som ho vil få god bruk for i denne jobben. Me er sikre på at det er ein svært godt kvalifisert leiar som no tek over roret, seier avtroppande dagleg leiar Stian Roland.

Valdres Folkemusikkarrangement AS er eigd av Valdres Folkemusikklag, og har i oppgåve å arrangere Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko. Jørn Hilme-stemnet er Noregs eldste folkemusikkfestival som går føre seg på Valdres Folkemuseum i veke 30 kvar sumar. Strunkeveko er det største sumarkurset i folkemusikk og -dans for born og unge i Noreg.



Foto: Laila Duran

SEMINAR FOR FELEMAKARAR

på Valdres Folkemuseum 23. - 24. februar

Heile 15 felemakarar og felekroppsinteresserte sette kvarandre i stemning på seminaret på Valdres Folkemuseum.

Tek ein omsyn til gjennomsnittsalder ser det lyst ut for standen. Meir usikkert er det mtp tida desse set av til å byggje instrument. Det er inga lett inntektskjelde, og dei fleste må kombinere med anna arbeid eller har i verste fall gått over til andre yrke for å ha levebrød. Men gløden for handverket og kunnskapen om faget mangla ikkje.. Etter erfaringsutveksling, oppattfrisking av minner og ferdigheit gløda det hjå fleire. Valdresmusea fekk stor takk for tiltaket! Det er tjue år sidan liknande har vore arrangert her i landet, då òg etter initiativ frå Valdres. No lovar museet å dra i gang att gjerne alt neste år med påbyggings-seminar.

Det er no ein kunne ynskje at nokre lottomillionar kom dalande til større verkstad, fleire tilsette makarar, yrande miljø i landets instrumentmakarsentrum her i Valdres, «Noregs hardingfele-Cremona!»

UNGDOMSSAMLING PÅ BRENNABU 11.-12. FEBRUAR

Det er om lag eitt år sidan me byrja å samle hardingfele-ungdomar i Valdres til eit Juniorspelemannslag. Dei hadde debyen sin på Valdreskappleiken i Bagn, og held fram med god innsats på Landskappleiken i Seljord. Sidan då har me hatt eit ynskje om å samle fleire sjangrar i Valdres og kanskje ha samling ei helg der me bad til oss nokre likesinna.

Sjansa baud seg, og me fekk med oss ein gjeng hallingarungdomar. Herbjørn Liahagen (hardingfele) og Sjur Borge (torader) var med som instruktørar innan hallingtradisjonen, og frå Valdres møtte Oddrun Hegge (langeleik) og underteikna. I



alt var me 28 pers med smått og stort når me vèl fekk samla oss. Me øvde fyrst eit par timar frå føremiddagen laurdag fram til lunsj, før me gav oss i kast med aking i akebakken nedanfor stova. Sidan ingen vart henta med ambulanse så slo me fast at dette var ein suksess.

Me trakk inn for ei ny to-timarsøkt med låttelæring før middag. Maten smakte aldeles fortreffeleg, (takk til Gunnhild Nørsterud frå VfI-styret) og kvelden kunne byrje. Me starta friskt

med snøgginnføring i dei respektive dalane sine springarar, og ungdomane synte stor dansemeistring og glede. Etterkvart vart det både runddans og elles solospel ved dei som hadde noko på hjarta. Ved ti-tida var det eit klokt hovud som kom på at ingen hadde arrangert «boksen går», så alle kledde på seg att for ei siste uteøkt. Etterpå vart det selskapsleikar ved Leikmeister Småberg, før me alle trakk te køys usedvanleg tidleg....

Sundagen kom alle seg opp i tide, og fekk ein solid frukost før me sette i gang med dei siste to øktene med spel. Merkeleg nok verka det som om ungdomane tykte det vart nok læring til slutt, men me fekk mange positive tilbakemeldingar. Samvær, miljø og all moro utanom spelet er utruleg viktig, og vonleg vil hallingane be attende til treff, kanskje alt til hausten.

Tusen hjarteleg takk til VfI, og spesielt Frode Rolandsgard for framifrå hjelp og organisering. Utan denne innsatsen hadde ikkje dette vore mogleg 😊

For Valdres Juniorspelemannslag

Jan Beitohaugen Granli



På bileta ser me stor danseiver, me ser Herbjørn Liahagen i speleøkt med ivrige felespelarar, og Sjur Borge instruerar på torader.

Alle tre foto: Gunhild Nørsterud

UNGDOMSSAMLING PÅ MUSEET I VÅR:

Samspel i Valdres Juniorspelemannslag, «Valdres junior langeleikspellag», vidarekomen Toraderungdom og dans for ungdom på museet 6. mars, 10. april, 8. mai og 5. juni.

Ta kontakt med læremeisteren din for fleire opplysningar. Velkomne!



1. mars Årsmøte i Valdreskvelven
2. mars Fredagsdans i spelemannsstogo, Herang, Ø.S. spel- og dansarlag
3. mars Lått o' leven på Øsus, Øystre Slidre spel- og dansarlag
6. mars Ungdomssamling på museet
7. mars Danseøvingar på Biblioteket i Slidre, Vestre Slidre folkemusikk- og dansarlag
8. mars Årsmøte i Begnaljom
8. mars Bossa Nova-rytmar i Festsalen på museet, Valdres Scene
12. mars Dansekveld i Nordahl Brunsgt. Valdreslaget
12. mars Notekurs, på museet, i regi av Musikknettverk Østlandet.
19. mars Årsmøte i Valdres Folkemusikklag, festsalen Valdres Folkemuseum
21. mars Danseøvingar på Biblioteket i Slidre, Vestre Slidre folkemusikk- og dansarlag
22. mars Veiledning i søknadsskriving v/ Bente Hemsing
24. mars **VALDRESKAPPLEIK I ULNES**
26. mars Dansekveld i Nordahl Brunsgt. Valdreslaget
10. april Ungdomssamling på museet
14. april Folkepub på Kvamshall
19. april Årsmøte i Vårflaumen
21. april Lått o' leven på Øsus, Øystre Slidre spel- og dansarlag
23. april Dansekveld i Nordahl Brunsgt. Valdreslaget
25. april Danseøvingar på Biblioteket i Slidre, Vestre Slidre folkemusikk- og dansarlag
4. mai Fredagsdans i spelemannsstogo, Herang, Ø.S. spel- og dansarlag
7. mai Dansekveld i Nordahl Brunsgt. Valdreslaget
8. mai Ungdomssamling på museet
9. mai Danseøvingar på Biblioteket i Slidre, Vestre Slidre folkemusikk- og dansarlag
21. mai Dansekveld i Nordahl Brunsgt. Valdreslaget
21. mai Veiledning i søknadsskriving, v/ Bente Hemsing
23. mai Danseøvingar på Biblioteket i Slidre, Vestre Slidre folkemusikk- og dansarlag
1. juni Fredagsdans i spelemannsstogo, Herang, Ø.S. spel- og dansarlag
5. juni Ungdomssamling på museet
6. juni Danseøvingar på Biblioteket i Slidre, Vestre Slidre folkemusikk- og dansarlag
11. juni Tur til Buvollen, Valdreslaget
22. juni «8» Frikar, Kulturhuset. Valdres Scene
23. juni Danseøvingar på Biblioteket i Slidre, Vestre Slidre folkemusikk- og dansarlag

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG

Hugs årsmøtet mandag 19. mars!

Kl 19.00 i festsalen på Valdres Folkemuseum

Vanlege årsmøtesaker

AUSTNORSK FOLKEMUSIKKSENTER

TILBYR

NOTEKURS, FLETING AV GEHØR OG NOTEFORSTÅING

Måndag 12. mars kl 18.00-20.00. (loftet/Valdres folkemuseum).

Folkemusikarar jobbar fortrinnsvis med gehøret. Kva skal til når ein samarbeider med andre musikarar og får eit noteblad i handa? Enkel tilnærming av takt, rytme og notelære. Gjennomgang av notasjon av folkemusikk.

Enkel note- og musikkteori for folkemusikarar v/Bente Hemsing

Dette tilbodet er gratis og i regi av Møst (Musikknettverk Østlandet).

Påmelding til www.most.org. Sjå der også andre tilbod på møst-menyen.

RETTLEIING I SØKNADSSKRIVING

Torsdag 23. februar, torsdag 22. mars og måndag 21. mai

Ta med din eigen søknad for råd og diskusjon.

NB! Ring Bente Hemsing (tlf. 971 52 445) for å avtale klokkeslett.
(14.00-19.00)

EKSKLUSIVT INTERVJU

MED JAN BEITOHaugen GRANLI

Spelemannen Jan Beitohaugen Granli er ein travel mann. I vinter var bladet Låt o' Link heldige og fekk eit intervju med den kjende spelemannen. Under følgjer resultatet av samtalen, som i sin heilskap handlar om Valdreskappleiken.

Tekst: Ole Aastad Bråten

Research: Knut Aastad Bråten, Aud Søyland, Oddrun Hegge og Gyda Grøndalen Hoffmann.

Spørsmål 1: Kva er poenget med all denne tevlinga?

Svar: Å bli betre.

Spørsmål 2: Gje meg ein god grunn for å reise på Valdreskappleiken?

Svar: Dette er betre enn Melodi Grand Prix og VM på ski til saman. Dette er årets hending!

Framhald på neste side....

VALDRESKAPPLEIK I ULNES 24. MARS

Sjølve kappleiken vil finne stad på skulen/barnehagen, mens vi fløt oss til Solabu for kveldsprogrammet. På ettermiddagen blir det matserving med buskspel på Solabu, og konsert noko seinare.

FØREBELS PROGRAM:

10.00: Stemnekontoret opnar

11.00: Kappleiken startar

14.00: Siste frist for påmelding på stemnekontoret.

16.00: Middagsserving startar på Solabu. Buskspel.

18.00: Konsert på Solabu

19.00: Premieutdeling

20.00: Lagdans senior

Dans for alle.

22.00: Kåring av beste runddans-par

01.00: Slutt

Førehandspåmelding: www.paamelding.folkemusikk.no, eller

unni.myrheim@hotmail.com /tlf. 970 90 012 som òg svarar på spørsmål ang. tevlinga.

NB. Det er inga påmelding til gamaldanstevlinga, alle blir oppmoda om å vera med, fylla golvet og slik delta i tevlingsmoroa.

Billettprisar:

Vaksne: kr. 130,- (gjeld heile dagen) **12-18 år:** kr. 100.- **Under 12 år:** Gratis

INTERVJU MED JAN BEITOHaugen GRANLI, FRAMHALD FRÅ SIDE 7

Spørsmål 3: Kva er ditt beste minne frå Valdreskappleiken?

Svar: Det yrande folkelivet rundt Trygve Bolstad.

Spørsmål 4: Kven vil du helst ikkje bli slegen av?

Svar: Marit Rolandsgard.

Spørsmål 5: Kvifor har eg og du aldri tevla saman?

Svar: Eg spelar diverre ikkje langeleik.



SOLABU FORSAMLINGSLOKALE

Det blir tevla i spel og dans som tidlegare. Domarane vil plukke ut dei tre beste uansett klasse til finale på kvelden. Her vil det bli tevla om pengepremiar på totusen, femtenhundre, eittusen og femhundre kroner. Alle deltakarar i rekrutt og junior vil få deltakarpremie. Elles blir dei tre beste i kvar klasse premierte.

Det bli servering av enkle rettar på dagtid, mens middagsserveringa altså foregår på Solabu. Sal av øl, vin og brus på kvelden.



Solabusalen er tom på biletet. Det blir den ikkje når Valdreskappleiken går av stabelen den 24. mars

Vel møtt til stemne!

KLASSEINNDELING:

1. Eldre folkemusikkinstrument: langeleik, munnharpe, fløyter, lur, bukkehorn mm.
2. Pardans/ laus: springar/ springleik/ pols, gangar/ bonde, laus/halling
3. Lagdans: springar/ springleik/ pols, gangar/ bonde, laus/halling
4. Hardingfele/ Vanleg fele
5. Samspel: spelemannslag, gamaldansgrupper mm.
6. Toradar/ Trekkspel - solo
7. Vokal - solo
8. Open klasse
9. Runddans/gamaldanstevlinga på kvelden.

Senior: deltakarar f.o.m. det året dei fyller 19 år.

Junior: deltakarar f.o.m. det året dei fyller 12 år t.o.m. det året dei fyller 18 år.

Rekrutt: deltakarar under 12 år (til og med det året dei fyller 11 år).

AKTIVITETAR I LOKALLAG

VALDRESLAGET I OSLO

- har dansekvelder hver annen mandag i Nordahl Brunsgt. 22, som vanlig. Vi har alltid kaffe og kake i pausene og et godt sosialt fellesskap. Vi er heldige og har dyktige spelemenn som liker å spele til dans.

Dansekveldene for resten av våren 2012: 12. og 26. mars, 23. april, 7. og 21. mai og 11. juni der vi planlegger tur til Buvollen (hytta vår). Årsmøtet var 28. februar.

Brit Totland og Knut Arne Jacobsen skal holde kurs i Valdrespringar 3. og 4. mars. Sivert Holmen er spelemann. Kurset skal holdes i Nordahl Brunsgt.


Vi ønsker mange deltakere på kurset.

Fredag 17/2 hadde deler av hyttekomiteen dugnad på Buvollen og det var ny valdreshingel som vi dro inn på skikjelke fra Sinober. Det ble en slitsom dag for oss 4, men været og føret var nydelig.

For de som er kjent så sleit vi mye der bekken renner ut fra Kringla. Der var det blitt noen kuler som var rene «skruisen» og den tunge kjelken levde sitt eget liv og ville hele tiden ned i bekken.

Da det ble mørkt lyste stjernene og da lå hytta forlokkende på toppen med lys i vinduene som et Soria Moria og det gjorde godt at noen kokte kaffe og lagde mat til slitne karer.

Vi hadde til og med musikk til arbeidet: Orrhanen spilte for oss på ettermiddagen! Stemningen på Buvollen må bare oppleves!



På bildene sees Irene Hoberg og Liv Nystrøm, Arne Bäckmark og Harald Astad.

Det blir ny dugnad 5. og 6.mai og da trenger vi hjelp til å få opp resten av pakkene fra brygga og opp på taket. Det har rent fra taket inne i stua så shingelen må skiftes.

Vi har jobb da for alle som har lyst til en trivelig dag i Valdreslagets fellesskap på Buvollen!

VÅRFLAUMEN SPEL- OG DANSARLAG

- arrangerar Valdreskappleiken 2012 i Ulnes, 24.mars! Vi ynskjer alle hjarteleg velkomne til ein triveleg dag og kveld! Sjå program ein annan stad i bladet. Det blir lagdans kl 20.00. Har du lyst til å vera med, sei frå til Lise på 920 99 521, eller i løpet av kappleiken.

Vi sender ut informasjon om det som går føre seg i Vårflaumen på e-post og sms. Står du ikkje på lista vår enno? Ta kontakt med Lise på lisemor85@hotmail.com eller 920 99 521. Sjå ellers kalendaren på heimesida til folkemusikklaget.

Er det interesse for felles overnatting på Landskappleiken i år? Kontakt Unni på 970 90 012, så ser vi kva vi kan få til.

Vårflaumen leiger ut instrument rimeleg til medlemmer. For tida har vi 3 toradarar, 2-3 småfeler og fleire langeleikar ledige. Ta kontakt med Knut Opheimsbakken på tlf. 61 36 55 68 viss du er interessert.

Årsmøtet blir 19. april kl 19.30 på museet. Saker som skal takast opp, må meldast til styret før 1.april.

BEGNALJOM

- har årsmøte 8. mars på Saus kl 19.30. Vanlege årsmøtesaker.

TRYGVE BOLSTAD FEKK KULTURPRISEN FOR 2011

Prisen blei delt ut under ein vellykka kulturkveld på Hedalen barne- og ungdomsskole fredag 25. november. Begnaljom spel- og dansarlag sto som arrangør saman med kommunen. Varaordførar var programleiar, ordføraren delte ut prisen.

Trygve flytte til Hedalen for vel 30 år sidan og har sidan drive som gardbrukar. Han er ein av nestorane innan folkemusikken i Valdres og er særskild dyktig på hardingfela. Han har gjort ein framifrå innsats for folkemusikken og rekrutteringa blant dei unge i alle valdreskommunane. For rekrutteringa i Sør-Aurdal og for arbeidet innan Begnaljom spel- og dansarlag har han gjort ein kjempeinnsats gjennom alle dei åra han har budd i kommunen.

Trygve takka for prisen på sin lune og humoristiske måte og ved å spele ein lått saman med ein av dei yngste elevane sine. Han er ein kar alle som kjenner han, veit å setje pris på. Det var derfor ei rekke helsingar og blomsteroverrekkingar frå folkemusikkmiljøet i heile regionen og frå privatpersonar.

Begnaljom hadde sørga for eit rikhaldig folkemusikkprogram der krefter både frå Begnaljom og dei andre spel- og dansarlaga i Valdres underheldt. Her var mest hardingfele, men også bukkehorn, neverlur, durspel, langeleikspel, song og springardans i tillegg til artige munnlege innslag. Særleg sette nok Trygve pris på å høre det framifrå samspelet frå gruppa av tidlegare elevar, og blei ganske så overraska då «gamle Begnaljom» til slutt entra scena for å avslutte! Og Trygve slutta seg gjerne til dei – slik dei bad han om....

Tor Morten Røhr

VALDRESKVELVEN

Program framover:

- 1.mars har vi *årsmøte* på Åsvang skule, 2.etg. Etter at skolen ble nedlagt, har Valdreskvelven fått et rom til disposisjon, så her vil vi ha vår base framover.

- *Feleøvinger* med Laura Ellestad. Tid og sted for øvingene sender Laura ut til de som allerede er med. Er du ny og ønsker å delta, ta kontakt med Laura på telefon 9752 2770. Deltakere fra både Valdreskvelven spel- og dansarlag og fra Vestre Slidre folkedans- og folkemusikklag.

Spelemannslaget «Valdreskvelven» fyller 50 år i år, så noe ekstra skal vi finne på i den forbindelse. Foreløpig er planen en fest til høsten.

- *Danseøvinger* er også i samarbeid med Vestre Slidre, så se programmet de har satt opp.



Konsert med Grappa «TRE», Harald Høyvik, Ingvild Lie og Lars Skattebu.
Foto frå Vangsløyken på Åsvang, 12.nov 2011

ØYSTRE SLIDRE SPEL- OG DANSARLAG

Lått o“ Leven laurdag 3. mars og 21. april kl 11.00-13.00 i gymsalen på Øsus.

Folkemusikk med sang og dans for barn 0-8 år. Vi oppfordrar foreldre til å ta med instrument.

Fredagsdans: 2. mars, 4. mai, og 1. juni. kl 20.00 i spelemannstoga.

Påskefest: onsdag 4. april, tid og stad vert gjort kjent seinare.

VESTRE SLIDRE FOLKEMUSIKK- OG DANSELAG

Redaksjonen har fått lov til å sakse flg. frå ei elles svært omfattande årsmelding:

Laget har omlag 40 medlemmer, var representert under årsmøta i Vfl og FolkOrg, hatt heile 14 danseøvingar med eit snitt på ca 8 deltakarar kvar gong, gamaldanskurs i Røn med ca 25 deltakarar, gamaldanskurs i to dobbelttimar for 32 tiandeklassingar på Slidre skule.

Hardingfelekurs med Leif Rygg i vår med tolv deltakarar i alderen ni til vel seksti, og konsert etterpå, konsert i Lomen stavkyrkje i høve olsokvandringa over åsen frå Volbu.

Laget var tevlingsnemnd for Jørn Hilme-stemnet.

Feleseminar med Jan B. Granli på Kvamshall før jul. Fjorten unge og vaksne deltakarar frå Vang, Vestre Slidre, Øystre Slidre, Nord-Aurdal og Hallingdal, og rakfiskfest etterpå.

Felegruppe deltok på Valdreskappleiken. 8 par i lagdans, 3 par i pardans, 1 laus, 1 i spel hardingfele på Jørn Hilme-stemnet, 5 par i lagdans, 1 laus og 1 på hardingfele tevla på Landskappleiken. Laget skiltar med gode resultat. Leiaren oppsummerar med «Ein kan slå fast at lagsaktiviteten i 2011 har vore god», noko redaksjonen fullt ut sluttar seg til!!

Planar framover:

Danseøvingar på biblioteket i Slidre kl. 19.00.

- onsdagane, 7. og 21. mars, 25. april, 9. og 23. mai, 6. og 20. juni. Her er det instruksjon i springar, og dette fylgjer Gullik Kirkevoll sitt opplegg. Det blir også Bonde, Krøssdans og gamaldans.

- Folkepub med springar, bonde, krøssdans og gamaldans på Kvamshall 14. april kl 19.30.



God dansemusikk og stor stemning på Biblioteket i Slidre annankvar onsdag.

Alle som har lyst til å koma er hjarteleg velkomne.



VALDRES SCENE

Valdres Scene - konsertar du ikkje visste at du vil like!

Valdres Scene er i ferd med å bygge eit trufast publikum og ein triveleg møteplass open for alle. Det står att to spennande konsertar på Valdres Scene denne våren:

8. mars kl 19.30 kan du få høyre folkemusikk frå Brasil i fengjande Bossa Nova- rytmar i festsalen ved Valdres folkemuseum. Folkemusikar Andris Hemsing (16) vil jasse i lag med drevne musikantar i konserten Smilande auga, - blått hjarte, ein kveld med bossa nova og jazz. Medverkande: Marit Sandvik/Øystein Norvoll Duo med Roy Nikolaisen (trompet) Oddmund Finnseth (bass) og Andris Hemsing (fele).



Andris Hemsing

«Marit Sandvik og Øystein Norvoll hadde sin nasjonale debut som duo på Moldefestivalen i 2003. Repertoaret består av melodios jazz og bossa nova.

Marit gav ut sin første CD i 1995. En liten perle av en CD skrev Dagbladet.

*«A quite
marvelous
record»*
kunne vi
lese i The

P e n g u i n
Guide to Jazz.

I løpet av sin karriere har Marit spilt inn flere CD-er og gjennomført utallige turneer innenlands og utenlands. Øystein er gitarist i nasjonal toppklasse.

Med sitt smakfulle spill appellerer han til et bredt publikum. Trompeteren Roy Nikolaisen fra Gjøvik har i nærmere 20 år vært fremtredende i norsk jazzliv. Han spiller bl a med det italienske bandet Rino Arbore Quartet. Den unge Andris Hemsing fra Valdres var med Marit og Øystein på deres fire konsertar under Dølajazz 2010. Oddmund Finnseth ledet i si tid den meget populære trondheimsbaserte gruppa Trondheim Bopservice.»



Marit Sandvik:

Foto: Yngve Olsen Sæbbe

22. juni kjem Frikar og danseframsyninga «8» til Kulturhuset på Fagernes.

Dette er eit samarbeid mellom Valdres Scene og Valdres Sommersymfoni.

Fire kinesiske kung fu-munkar og fire norske hallingdansarar møtest, utan tolk.

I danseforestillinga «8» ser vi det spektakulære resultatet. Koreograf og regjerande noREGSmeister i folkedans, Hallgrim Hansegård, har villa undersøkje kva for muligheiter som ligg i utelukkande fysisk kommunikasjon og korleis tradisjonsutøvarar kan kommunisere med samtida utan å gå på kompromiss med tradisjonen.

PRESSEMELDING

Send ein SMS – bli ny abonnent

Bladet Folkemusikk tek i bruk nye metodar for å skaffe seg fleire abonnentar. Send SMS med kodeord "FOLK + NAMN" til 2080 – og vips er du registrert som ny abonnent.

— Det er viktig å prøve nye metodar for å skaffe fleire abonnentar. No prøver vi ein ny SMS-teneste som er svært enkel og brukarvenleg, seier redaktør i bladet Folkemusikk, Knut Aastad Bråten.

— Alt du må gjera er å sende ein SMS med kodeordet FOLK + namn ditt til 2080. Det er det heile. Vi sender blad og faktura så snøgt vi får beskjed frå avsendaren.

Systemet var operativt frå 1. februar i år og er enno på prøvestadiet.

Knut Aastad Bråten

Redaktør, Folkemusikk

907 68 797 / knut@folkemusikk.no

Bestille abonnement? Send ein e-post med namn og adresse til knut@folkemusikk.no



SOMMARJOBB VED

VALDRESMUSEA

Valdresmusea søker folke-
musikarar, folkedansarar og
omvisarar til sommarjobb på
Valdres Folkemuseum, Bagn
Bygdesamling og Bautahaugen
Samlinger.

Sesong frå 15. juni til 15. august.

Vi søker vi ungdom med gode
formidlingsevner og kunnskapar i
to framandspråk: engelsk/tysk
eller engelsk/fransk.

Utlysingstekst på

www.valdresmusea.no

Søknad med CV og attestar
sendast innan 20. mars til
Valdresmusea AS, Tyinvegen 27,
2900 Fagernes.

SEMINAR FOR MUSIKARAR

Musikkformidling til born og unge – med
leiken som inspirasjon.

Det skal krible! Den kulturelle skolesekken
(DKS) sin profil i Oppland.

Eit føredrag i workshop-form om gode
tverrfaglege framsyningar for born og unge.
Korleis ta vare på leiken og den gode ideen?
Vegen fram til ferdig produksjon. Praktisk
informasjon om DKS og Kriblemidlar.

Kurshaldarar: Håkon Skoge, dagleg leiar
av Turnéorganisasjon for Hedmark.


Thor Kvande og Vivian Haverstadløyken,
kultureininga Oppland fylkeskommune.

Tysdag 13. mars kl 10.30-14.30.

Lillehammer kulturskole, Kirkegata 41
(i same bygg som Kulturhuset Banken).

Kursavgift kr 100,- inkl lunsj.

Påmelding via <http://www.møst.org>



Nyttige navn og nummer

Lokallag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Begynnelst spel- og dansarlag	Tor Morten Røhr	61 34 63 35	913 34 985	torroehr@hotmail.no
Eincedal spel- og dansarlag	Bergljot Hedda Lund		990 37 541	bhedda@hotmail.com
Valdreskvelven spel- og dansarlag	Ingrid Skavhaug		990 09 509	ingrid.kongslan.no
Valdreslaget i Oslo	Heidi Eck		402 30 165	heidieck@gmail.com
V. Slidre folkemusikk- og danselag	Randi Før	61 34 42 10	915 77 695	randifer@online.no
Vårflammen spel- og dansarlag	Unni Myrheim	61 16 12 76	970 90 012	unni.myrheim@hotmail.com
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Magne Olav Selland		934 19 294	magneolavselland@hotmail.com

Valdres folkemusikklag

Leiar	Ivar k Hemsing	481 28 610	hemsing@c2i.net
Styremedlemmer:	Magne Olav Selland, Astrid Bråten, Gumbild Nøsterud og Frode Rolandsgard		post@valdresfolkemusikklag.no
Låt o' Link, redaksjon	Styret i VII og Oddrun Hegge	971 76 868	v-an-fox@online.no
VFAS, -styreltar	Antia Nodland	917 69 023	post@hiline.no
- dagleg leiar	Stian Roland	61 36 46 71 (a)	leiar@strunkeveko.no
- medarbeidar	Ina Solvin	61 36 46 71 (a)	
Andre			
Valdres folkemusikkarkiv	Elisabeth Kvaerne	61 35 99 32 (a)	elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no
Instrumentverketaden	Knut Opheimsbakken	61 35 99 30 (a)	knut.opheimsbakken@valdres.museum.no
Austnorsk folkemusikksester	Bente Hemsing	971 52 445	benes@vymusikseter.no
Folkemusikk - redaktør	Knut Aasstad Bråten	907 68 797	knut@folkemusikk.no
FolkOrg, dagleg leiar	Linda Dyrnes	22 00 56 90(a)	linda@folkemusikk.no

RETURADRESSE:

16 VALDRES FOLKEMUSIKKLAG, TYINVEGEN 27, 2900 FAGERNES